

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

|                         |                               |
|-------------------------|-------------------------------|
| <b>Dato</b>             | 09.05.2022                    |
| <b>Vår referanse</b>    | 2022/51271-2                  |
| <b>Dykkar referanse</b> |                               |
| <b>Sakshandsamar</b>    | Lillian Bakke Byrknes         |
| <b>E-post</b>           | Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>          | 45638702                      |

## Uttale - dispensasjon for omlegging/utbetring av privat veg til uttale - gnr 485 bnr 2 Vetås Nordre

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til søknad, datert 11.04.2022. Søknaden gjeld omlegging og utbetring av eksisterande privat veg.

### Planstatus

Tiltaket ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Radøy, delrevisjon 2019, er avsett til LNF-føremål. Avkøyrsepunktet er regulert i FV 406 og 407 Storheimstø – Vetås med planID 126002009000100, vedteke i 2010.

### Uttale

Vi har ikkje merknadar til sjølve tiltaket som er omlegging og utbetring av eksisterande privat veg. Men vegen har tilkomst via fylkesveg 5478 Vetåsvegen og vi ber difor om at det vert sikra opparbeiding av sikt i avkøyrsepunktet, som er regulert. Og skulle tiltaket medføre endra bruk av avkøyrsla, må vi få søknad om dette.

Det vert opplyst om, og vi ser på teikningane at omlegging av veg vert liggande innanfor byggegrensa til fylkesvegen. Søknad om dispensasjon frå byggegrensa må sendast til Vestland fylkeskommune.



Utsnitt frå reguleringsplan, og frå situasjonskart frå søknaden.

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

